

Avtale mellom Vinje kommune og Runar Skaug Mathisen 2024 - 2026

Vinje kommune har inngått sponsoravtale med Runar Skaug Mathisen i perioden 13.5.24 – 13.5.26.

Føremål:

Avtala er eit bidrag til Runar si satsing på langløp i sesongen 2024-2026. Eit mål for Vinje kommune er å profilere kommunen og folkevekst prosjektet i Vinje kommune. Vinjelosen er kontaktperson.


Vinje kommune sine rettar:

- Rett til å nytte namnet Runar Skaug Mathisen som ein god ambassadør frå Vinje knytt til marknadsføring av prosjektet folkevekst.
- Reklameplass på Runar sitt venstre lår på konkurransedress og treningsdress som blir nytta på konkurransedag – logo 30 cm2 (må vera kvit)
- Reklameplass med logo på ski-stropp, tatovering (eingongs) knytt til ulike rulleskirenn/sommaraktivitetar.
- Reklameplass på bildører.
- Vinjelosen kan ved behov be om dialog/hjelp i samband med moglege tiltak for å fronte Vinje kommune som ein god stad å bu.
- Vinje kommune oppmodar om å deltaka på dei to store renna i kommunen, HelteRennet og Haukelirennnet, dersom Runar har kapasitet til det.

Runar Skaug Mathisen pliktar å:

- synleggjere logo, til dømes på sommar og vinterbekledning der det er mogleg ut frå retningslinjer til teamet.
- synleggjere logo på sosiale media, tatovering (eingongs) synleg på hud og ski-stropp.
- snakke fram Vinje kommune og vinjenaturlegvis.no i naturlege samanhengar.
- sende ein liten rapport på korleis han har profilert Vinje kommune i sesongen som har vore.
- sende faktura om utbetaling av sponsorbeløp kr. 70.000 + mva. årleg til Vinje kommune v/Kultur, næring og fritid. Som nemnt øvst i dokumentet gjeld denne avtala for 2 år. Runar sender likevel faktura om utbetaling gjeldande for perioden 2024-2025, og neste 2025-2026. Det er ikkje noko som kan påverke avtaleperioden desse to åra. Beløpa skal utbetalast uansett, som avtala.

Knut Martin Edland



Runar Skaug Mathisen

